

Føresegner reguleringsplan for Parkeringsplass Tungestølen

Plan-ID 1426-2020008

Dato for siste revisjon av føresegnene: 14.07.2021

1 Avgrensing av planen

Det regulerte området er synt med reguleringsgrense på plankart datert **XX.XX.2021** i målestokk **1:XXXX**. Det regulerte området er på ca.75 daa. Føresegnene gjeld innanfor planavgrensinga og er juridisk bindande.

2 Formålet med planen

Formålet med planen er å betre parkeringsstrukturen på Tungestølen. Planarbeidet har til hensikt å auke parkeringskapasiteten og kanalisere trafikken i området og gjere det tydlegare kor det skal parkerast.

3 Reguleringsføremål

Området er regulert til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5 nr. 1)

- Renovasjonsanlegg, BRE
- Offentleg eller privat tenesteyting, BOP

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)

- Veg, V
- Anna veggrunn – teknisk anlegg, SVT
- Parkeringsplass, SPA1, SPA2, SPA3
- Kollektivhaldeplass, KH1 og KH2

Landbruks- natur- og friluftsføremål - §12-5. Nr. 5

- Landbruksføremål, LL

Omsynssone (PBL § 12-6)

- Sikringsone – friskt - H140

4 Fellesføresegner for heile planområdet

4.1 Utforming og bruk av areal, bygg og anlegg (pbl § 12-7 nr. 1, 2 og 4)

- a) Saman med byggjesøknad for parkering med tilhøyrande anlegg skal det utarbeidast detaljplan for korleis planområdet skal utformast for å få løysingar som både er funksjonelle og estetisk gode.
- b) Før byggeløyve skal det utarbeidast plan for vedlikehald av området.
- c) Alle tiltak innanfor planområdet skal gjennomførast så skånsamt som mogeleg og tilpassast og harmonera med landskapet.
- d) Det skal ikkje nyttast asfalt innafor planområdet.
- e) Det skal ikkje innførast eller spreia framande artar ved tiltak innanfor planområdet.
- f) Alle nye kabelanlegg, leidningar for elektrisk kraft og telekommunikasjon skal leggest i bakken, og der det er mogeleg skal traseane følgje vegtrase.
- g) Det kan settast opp informasjonsskilt om ferdsel, bandtvang, bålbrenning, telting og liknande innan planområdet på plassar dette er naudsynt.

4.2 Automatisk freda kulturminne

Dersom det under anleggsarbeid dukkar opp automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune varslast, jf. Kulturminnelova § 8.2. ledd.

5 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5 nr. 1)

5.1 Renovasjonsanlegg - BRE

Innanfor området kan det stillast opp løysningar for avfallshandtering. Bossdunkane skal ikkje vera permanent oppstilte her med mindre dei vert skjerma. Det kan først opp eit mindre bygg/skjerming for varig oppstilling av bossdunkar i område. Bygget skal ha ei utforming som er tilpassa omgjevnadene. Plassering av stolpar for skilt er tillate innanfor området.

5.2 Offentleg/privat tenesteyting – BOP

Område for toalettbygg. Området er privat.

6 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)

6.1 Fellesføresegner for Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

- a) Alle køyreveggar og parkeringsplassar innanfor planområdet er private.
- b) Tiltak må prosjekterast og byggjesøkast før etablering.

6.2 Veg – V

Privat veg i området. Området skal nyttast til køyreveg. Området kan i tillegg nyttast til føremål under anna veggrunn (SVT).

6.3 Anna veggrunn - teknisk anlegg – SVT

- a) Området inneheld areal til veggrøfter, voll, gjerde, skjeringar/fyllingar.
- b) Tiltak for innramming av parkeringsområda kan plasserast her. Materiale skal vere av stein eller treverk/strestokkar. Utforminga skal ikkje vere av ein slik karakter at den kan medføre skade på dyr.

6.4 Kollektivhaldeplass

6.4.1 Kollektivhaldeplass – SH1

Område avsett til snuplass og korttidshaldeplass for buss. Innkøyinga skal skiltast som einvegskøyrt frå nord mot sør.

6.4.2 Kollektivhaldeplass – SH2

Område avsett til snuplass og haldeplass for buss. Innkøyinga skal skiltast som einvegskøyrt frå sør mot nord.

6.5 Fellesføresegn for parkeringsareal

- a) Området kan planerast ut, men synleg fjell i dagen skal bevarast.
- b) Massane i området kan om nødvendig skiftast ut med drenerande massar.
- c) Parkeringsområda skal rammast inn for å avgrense parkeringsarealet og hindre køyring på vassmetta areal rundt. Materiale skal vere av stadegne massar, stein eller treverk/strestokkar. Utforming skal ikkje vere av ein slik karakter at den kan medføre skade på dyr.
- d) Avgrensinga av parkeringsfelt vist i situasjonsplan er berre retningsgivande for organisering av plassane og tal plassar.
- e) Parkeringsområde kan byggjast ut i trinn etter parkeringsbehov. Det skal leggjast til rette for minst 50 p-plassar ved fyrste etablering.
- f) Plassering av stolpar for skilt er tillate innanfor områda.
- g) Det er høve til å plassere ladestasjon/ladepunkt for EI-bil på parkeringsareala.

6.5.1 Parkering – SPA1

- a) Området skal nyttast som parkering for dagsturgjestar i området. Området skal ikkje nyttast til camping.
- b) Område skal opparbeidast med plass til minst 25 personbilar.

6.5.2 Parkering – SPA2

- a) Området skal nyttast til langtidsparkering/parkering over fleire dagar og i tilfelle der SPA1 er full.

6.5.3 Parkering – SPA3

Område skal nyttast til parkering av bubilar.

7 Landbruks- natur- og friluftsføremål - §12-5. Nr. 5

7.1 Landbruksføremål, LL

- a) I området kan det drivast jordbruk og anna næringsverksemd i direkte samanheng med jordbruksdrift.
- b) Områda må ikkje nyttast til parkering av personbilar eller bubilar. Lov om motorferdsel i utmark er gjeldande.

8 Omsynssone (PBL § 12-6)

8.1 Sikringssone – friskt - H140 - (jf. PBL § 11-8, a)

Innanfor frisktsona skal det vere fritt for sikthindringar høgare enn 0,5 meter over vognivået. Unntak er enkeltstående skilt.